



Arkivnr: 2018/16480-114

Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		05.09.2019

Innspel frå fylkeseldrerådet til budsjett 2020

Samandrag

Forslag til budsjett for Vestland fylkeskommune skal etter planen leggst fram for fylkesutvalet i andre halvdel av oktober, før det vert vedteke av fylkestinget i desember. Før den tid skal budsjettforslaget også leggst fram for hovudutvala for Vestland fylkeskommune, og fylkeseldrerådet har lovfesta rett til å uttale seg før fylkestinget vedtek budsjett for rådet, og dessutan det som elles vedkjem eldre i fylket.

Etter planen skal økonomi- og organisasjonsavdelinga innhente innspel til budsjettet frå ulike råd, deriblant fylkeseldrerådet. Desse innspela skal moglegvis leggst fram for finansutvalet 12. september.

Fylkeseldrerådet har såleis mogleik no til å kome med innspel til det første budsjettet for fylkeseldrerådet i Vestland fylkeskommune. I eit slikt skriv bør de blant anna leggje fram kva aktivitetar fylkeseldrerådet vil ha i 2020, for å skape forståing for kva midlar det er behov for. Til orientering var årsbudsjettet i 2019 for fylkeseldrerådet i Hordaland 500.000.

Dersom det skulle skje at de meiner de ikkje er tilfredsstillande hørde i budsjettforslaget som vert lagt fram i oktober, har de framleis mogleik til å påverke gjennom å kontakte politikarane direkte, og/eller utforme ein uttale som følgjer saksgangen til budsjettforslaget vidare.

Etterkvart som budsjettarbeidet skrid fram vil fylkeselderådet som nemnd også ha mogleik til å uttale seg om delar av budsjettet som vedkjem øvrige eldre i Vestland fylkeskommune. Særskild interesserte kan finne saker og protokollar knytt til handsaminga av budsjettet i fellesnemnda på [fylkeskommunen sine nettsider](#) (så langt PS 13/19, PS 18/19, PS 31/19 og PS 43/19).

Forslag til vedtak

Arbeidsutvalet får fullmakt til å utforme eit skriv, basert på innspela i rådsmøtet, til økonomi- og organisasjonsavdelinga, der ein gjer greie for kva behov fylkeseldrerådet i Vestland fylkeskommune vil ha for midlar i 2020.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.